



DET KONGELEGE ARBEIDS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 89

(2000-2001)

---

## Om trygdeoppgjeret 2001

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 18.  
mai 2001, godkjend i statsråd same dagen.*

---

**Kapitla 660, 664, 666, 2543, 2660, 2662, 2663, 2670, 2680 og  
2683**

## 1 Innleiing

Det vert fremja forslag om regulering av grunnbeløpet i folketrygda og om auka løyvingar på statsbudsjettet for 2001 som følgje av dette.

Den 5. april 2001 kom partane i trygdeoppgjeret - staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg - saman for å gå gjennom rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera. Føremålet med møtet var å kartleggje utviklinga i lønningar og grunnbeløp.

Drøftingsmøta om regulering av grunnbeløpet foregjeikk 3. og 4. mai 2001. Møta førte fram til semje mellom staten og dei tre organisasjonane om ein auke i grunnbeløpet på kr 2 270 frå 1. mai i år.

Regjeringa gjer i samanheng med dette framlegg om at grunnbeløpet blir sett til kr 51 360 frå 1. mai 2001.

Meirutgiftene for 2001 av auken i grunnbeløpet vert omlag 3 868 mill. kroner, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2001, jf. St.prp. nr. 86 (2000-2001).

## 2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet

Staten har i drøftingane teke utgangspunkt i retningslinjene for regulering av pensjonistane sine inntekter som Stortinget vedtok hausten 1999.

I retningslinjene heiter det:

«Siktemålet for reguleringa skal vera å gi pensjonistar med folketrygd-pensjon ei inntektsutvikling om lag på linje med utviklinga for yrkesaktive og i tråd med dei prinsipp og mål som er lagt til grunn for gjennomføringa av det inntektspolitiske opplegget elles.

Venta inntektsutvikling for yrkesaktive blir fastsett med utgangspunkt i inntektsoppgjera for offentleg tilsette og LO/NHO-oppgjøret. Det skal følgje med eit bakgrunnsmateriale som viser kva tala for venta inntektsutvikling for yrkesaktive er basert på og andre tilhøve som har hatt innverknad på fastlegginga av grunnbeløpet. Materialet skal også vise korleis inntektsutviklinga har vore for yrkesaktive og pensjonistar i dei seinare åra. Oversikt over utviklinga for yrkesaktive i LO/NHO-området og for offentlege tilsette og for gruppa lønnstakarar i alt base-rast mellom anna på materiale om lønnsutviklinga frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera.»

Under drøftingane la Norsk Pensjonistforbund (NPF), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Landsorganisasjonen i Noreg (LO) fram eit felles krav der det heiter:

- «
1. I protokollen fra møtet i det engere utvalg 5. april 2001 konstaterte partene at årslønnsvekst for alle grupper fra 1999 til 2000 til 41/2 prosent for lønnstakere i alt, eksklusiv avsetningen til to nye feriedager i 2001. Teknisk beregningsutvalg anslår lønnsveksten i Norge, inklusive avsetningen til to nye feriedager, var 51/4 prosent fra 1999 til 2000. Under trygdeforhandlingene i 2000 ble følgende vedtatt:  
«Partene legger til grunn at den forventede årslønnsvekst for alle grupper i 2000 vil bli 3,9 prosent.»  
For å dekke opp for avviket mellom utviklingen i grunnbeløpet og årslønnsveksten for alle grupper i 2000 krever organisasjonene at grunnbeløpet justeres opp med 1,35 prosent fra 1. mai 2001.
  2. Organisasjonene har beregnet lønnsveksten fra 2000 til 2001 for alle grupper å bli på 4 prosent.
  3. Organisasjonenes krav til grunnbeløpet i henhold til punkt 1 og 2 blir da i alt på 5,35 prosent fra 1. mai 2001.
  4. Grunnbeløpet har vært underregulert gjennom en årrekke. Dette har ført til at verdien av grunnbeløpet ligger vesentlig lavere enn forutsatt da folketrygden ble etablert. Ved årets trygdeoppgjør krever organisasjonene derfor at partene blir enige om en opptrappingsplan for grunnbeløpet. For å nå målsetningen om 2/3 pensjon i 2007, krever organisasjonene at grunnbeløpet økes med 2,5 prosent på pensjonsprosenten pr. år i tillegg til den årlige reguleringen.»

Gjennom drøftingane vart staten og NPF, LO og FFO samde om at grunnbeløpet vert auka med kr 2 270, med verknad frå 1. mai 2001. Som en følge av dette forslaget vil pensjonen for dei einslege minstepensjonistane auke med kr 4 068 per år. For eit minstepensjonistektepar vert auken i pensjonen kr 7 008 per år.

Protokollen frå drøftingane følgjer som vedlegg til proposisjonen.

### 3 Verknader av forslaget til pensjonsregulering

Meirutgiftene ved forslaget om ein auke i grunnbeløpet på kr 2 270 frå 1 mai 2001 i forhold til reglar og satsar før 1. mai 2001, vert på om lag 3 868 mill. kroner i 2001, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2001, jf. St.prp. nr. 86 (2000-2001).

Tabell 3.1 viser utviklinga i minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter forslaget til pensjonsregulering, medan tabell 4.1 viser inntektsutviklinga før skatt for pensjonistar og lønstakarar frå 1996 til 2000.

Tabell 3.1: Utvikling av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.1 1990 - 30.04 2002. Kroner.

	Minstepensjon				Unge uføre født før	
	Einslege		Ektepar		1941	
	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.
1.01.90-30.04.90	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748	4 729
1.05.90-30.11.90	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980	4 915
1.12.90-30.04.91	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 <sup>1</sup>	5 441 <sup>1</sup>
1.05.91-30.04.92	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 <sup>2</sup>	6 307 <sup>2</sup>
1.05.92-30.04.93	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 <sup>3</sup>	7 148 <sup>3</sup>
1.05.93-31.12.93	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>
1.01.94-30.04.94	59 868	4 989	101 088 <sup>5</sup>	8 424 <sup>5</sup>	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>
1.05.94-31.12.94	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.01.95-30.04.95 <sup>6</sup>	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.05.95-30.04.96	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184	7 682
1.05.96-30.04.97	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360	8 030
1.05.97-30.04.98 <sup>7</sup>	69 360	5 780	117 456	9 788	105 612	8 801 <sup>8</sup>
1.05.98-30.04.99 <sup>9</sup>	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752	9 396
1.05.99-30.04.00	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676	9 723
1.05.00-30.04.01	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992	10 166
1.05.01-30.04.02 <sup>10</sup>	92 100	7 675	158 520	13 210	127 632	10 636

<sup>1</sup> Frå 1.01 1991.

<sup>2</sup> Frå 1.01 1992.

<sup>3</sup> Frå 1.01 1993 (p.g.a. hevinga av aldersgrensa).

<sup>4</sup> Født før 1943 (1.01.26-31.12.42).

<sup>5</sup> Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.94. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

<sup>6</sup> Heving av særtilleggssatsen frå 1.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

<sup>7</sup> Heving av særtilleggssatsen frå 1.05.97. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

<sup>8</sup> Auking av garantert poengtall frå 3 til 3,3.

<sup>9</sup> Heving av særtillleggssatsen frå 1.05.98. Ordinær sats utgjer 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats utgjer 74 pst. av grunnbeløpet.

<sup>10</sup> Med atterhald om vedtak i Stortinget.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

## 4 Nærmare om utviklinga dei seinare åra

Frå 1995 til 2000 har auken i grunnbeløpet vore noko svakare enn lønsveksten for yrkesaktive (jf. tabell 4.1). Men minstepensjonen både for einslege og for ektepar har auka sterkare enn lønene. Utviklinga i minstepensjonane vert bestemt av utviklinga i grunnbeløpet og i satsane for særtillegg.

Tabell 4.1: Utvikling i grunnbeløp og inntekter for minstepensjonistar og lønstakarar og gjennomsnittleg alders- og uførepensjon 1995 - 2000. Prosentvis endring frå året før og årleg gjennomsnitt i perioden 1995-2000

	1996	1997	1998	1999	2000	1995-2000
Grunnbeløp	4,0	3,9	5,8	4,5	4,2	4,5
Minstepensjon for einslege <sup>1</sup>	4,0	4,7	13,2	7,6	4,2	6,7
Minstepensjon for ektepar <sup>1</sup>	4,0	4,8	14,6	8,1	4,2	7,1
Arb. i LO/NHO-området	4,2	4,3	6,2	4,9	4,5 <sup>2</sup>	4,8
Statstilsette	4,4	4,3	6,4	4,7	4,5	4,9
Kommunetilsette	4,4	3,9	5,9	5,0	4,0	4,6
Lønstakarar i alt	4,4	4,3	6,2	4,9	4,5	4,9
Alderspensjon i gj.snitt.	5,4	5,5	9,3	6,2	5,0	6,3
Uførepensjon i gj.snitt	4,9	5,1	8,6	4,7	4,0	5,4

<sup>1</sup> Dei åra der endringa i minstepensjon avvik frå endringa i grunnbeløpet skuldast det auke i særtilleggssatsen.

<sup>2</sup> I førebels rapport av 28. mars 2001 frå Det tekniske berekningsutvalet blei lønsveksten vurdert til 4,7 pst jf. protokoll frå møtet 5. april, vedlegg 2.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket og Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 1 580 frå 1. mai 1999 og med kr 2 140 frå 1. mai 2000. Den ordinære satsen for særtillegget i folketrygda auka frå 1. mai 1997 til 63,2 pst. av grunnbeløpet og frå 1. mai 1998 til 79,33 pst. Minstesatsen for særtillegget vart på same tid auka til 57,5 og 74 pst.

Frå 1999 til 2000 auka grunnbeløpet og tilleggspensjonane, og minstepensjonen for einslege og for ektepar med 4,2 pst. Med ei prisstigning på 3,1 pst. gav det ein realvekst i pensjonane.

I følge Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera var lønsveksten frå 1999 til 2000 på om lag 41/2 pst. for alle grupper under eitt (jf. NOU 2001:17). Lønsveksten for arbeidarar i LO/NHO-området og for statstilsette var 4,5 pst. og for kommunetilsette 4,0 pst.

I Revidert nasjonalbudsjett 2001 er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg vekst i løningane frå 2000 til 2001 på om lag 4,5 pst. for alle grupper under eitt. Lønsveksten i skoleverket er høgare enn lønsveksten for andre grupper. Dette skuldast det særskilde oppgjeret for skoleverket som må sjåast i samanheng med arbeidet for å ruste opp skolen og betre rekrutteringa til læraryrket. Dei særskilde elementa i oppgjeret for skoleverket, dvs. endringar i arbeidstidsav-

talen og kompensasjon for ikkje å ta ut to ekstra feriedagar, utgjer om lag 0,2 prosentpoeng av samla lønsvekst for alle grupper.

For arbeidarar i LO/NHO-området vil lønsoverhenget inn i 2001 og dei sentrale tillegg gje eit bidrag til veksten i årsløna frå 2000 til 2001 på om lag 3 pst. I tillegg kjem bidrag frå gliding i lønene som i seinare år har vore om lag 1,7 pst. i gjennomsnitt per år.

I staten og i kommunane er bidraget til veksten i årsløn frå 2000 til 2001 før gliding på om lag 31/2 pst. i staten og om lag 3 pst. i kommunane. Glidinga i offentleg sektor er klart lågare enn i privat sektor. Bidraget frå lønsgliding har i dei seinare åra i gjennomsnitt vore om lag 0,6 pst. per år i staten og om lag 0,4 pst. i kommunane.

Den tariffesta auken i feriedagar bidreg til å auke kostnadsveksten med om lag 0,8 prosentpoeng i 2001. Kostnadene ved auka ferie inngår ikkje i årslønnsveksten.

Årsgjennomsnittet for grunnbeløpet og tilleggspensjonane i folketrygda vil som følgje av reguleringane i fjor og i år auke med 4,6 pst. frå 2000 til 2001. Minstepensjonen vil auke med kr 4 068 til kr 92 100 for einslege og med kr 7 008 til kr 158 520 for ektepar per 1. mai 2001, jf. tabell 3.1.

I Revidert nasjonalbudsjett 2001 er det lagt til grunn ein prisvekst frå 2000 til 2001 på om lag 3 pst. Ei slik utvikling vil gi ein klar realvekst i pensjonane i år òg.

Tabell 4.2. viser pensjonen etter skatt i prosent av disponibel inntekt som yrkesaktiv (nettopensjonsdekningsprosent). Gruppene med låg inntekt får høgare disponibel pensjon som del av tidlegare yrkesinntekt enn høginntektsgruppene.



Tabell 4.2: Nettopensjondekningsprosent i 2000 for pensjonistar som vart alderspensjonistar i 2000 og ved fullt opptent pensjon. Pensjonsalder 67 år.

	Brutto løsinntekt. Kroner			
	145 131	193 508	241 885	338 639
	Sluttpoengttall			
	2,00	3,00	4,00	5,33/6,0
Br.pensj. for einslege, 1933-kullet. Kr	87 636	107 268	126 900	162 240
Br.pensj. for einslege, 1940-kullet. Kr	90 828	112 044	133 272	175 728
Br.pensj. for einslege, 1975-kullet. Kr	89 004	109 332	129 648	156 672
	Netto pensjonsdekningsprosent			
Einslege				
1933-kullet	80	72	65	59
1940-kullet	83	74	67	63
1975-kullet	81	72	66	57
Pensjonistektepar (ein minstepensjonist)				
1933-kullet	127	108	96	80
1940-kullet	128	110	98	83
1975-kullet	127	109	96	79
Pensjonistar som forsørgjer ektefelle (yngre enn 60 år)				
1933-kullet	95	88	83	70
1940-kullet	98	91	86	72
1975-kullet	96	89	85	69

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

I vedlegg til proposisjonen framgår den historiske utviklinga av pensjonane m.v. Tabellane i vedlegget viser m.a. utviklinga i minstepensjon frå 1970 både i nominell og reell verdi. Det framgår at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst som må sjåast i samanheng med opptrapping av særtilleggssatsane.

## 5 Skattereglane for pensjonistar i 2001

Dei særlege skattereglane for pensjonistar i 2001 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

### *Alderspensionistar*

Frå og med den månaden skattytaren fyller 70 år, får han kvar månad eit særfrådrag i inntekta på 1 470 kroner. I 2001 utgjer fullt særfrådrag for heile året 1 470 kroner x 12 = 17 640 kroner. Har skattytaren etter fylte 67 år teke ut alderspensjon etter § 19-4 i folketrygdlova, har han òg rett til slikt særfrådrag (eventuelt avkorta om vedkomande ikkje har teke ut full alderspensjon). Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekning av felles-, kommune- og fylkesskatt.

Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

### *Uførepensionistar*

Skattytarar som får førebels uførestønad eller pensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2001 ha eit særfrådrag i inntekta på 1 470 kroner per månad, tilsvarande 17 640 kroner for heile året. Dersom arbeidsevna er nedsett med mellom halvdel og to tredelar, skal vedkomande ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt.

### *Særskild skatteavgrensingsregel*

For skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter dei reglane som er nemnde ovanfor, skal det ikkje reknast ut skatt når den allmenne inntekta til skattytaren før særfrådrag er under 76 800 kroner for einslege og 125 400 kroner for ektepar. Ved utrekning av inntekta skal ein leggja til 2 pst. av den skattepliktige formuen over 200 000 kroner.

Dersom inntekta ligg over dei fastsette skattefrie grensene, skal ein i utgangspunktet rekna skatt av heile inntekta etter dei ordinære reglane for pensjonistar. Skatten skal likevel ikkje overstiga 55 pst. av den allmenne inntekta over den skattefrie beløpsgrensa. Skatten vert på denne måten *avgrensa* til maksimalt 55 pst. av den allmenne inntekta som ligg høgare enn beløpsgrensene.

Denne regelen gjeld òg for skattytarar som tek i mot overgangsstønad, etterlatnepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). Den særskilde skatteavgrensingsregelen vert nytta ved utrekning av trygdeavgift, felles-, kommune- og fylkesskatt. Regelen vert ikkje nytta ved fastsetjing av toppskatt eller formuesskatt.

### *Trygdeavgift*

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. er 3 pst. i 2001.

## **6 Krigspensjonering**

Utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25), vert dekkja av staten.

Under Kap 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2001 løyvd respektive 293 mill. kroner og 710 mill. kroner.

Pensjonane skal etter tilleggslova av 29. juni 1951 nr. 34, regulerast som for statspensjonane, dvs i takt med grunnbeløpet i folketrygda. For 2001 vert det rekna med meirutgifter på 9 mill. kroner for krigspensjoneringa for militærpersonar og på 22 mill. kroner for krigspensjoneringa for heimstyrkepersonell og sivilpersonar.

Krigspensjon vert samordna med pensjonar frå folketrygda. Det vert gjort framlegg om at løyvinga under Kap 660 Krigspensjonering aukar med 31 mill. kroner.

## **7 Avtalefesta pensjon**

Etter lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon, yter staten tilskott med 40 pst. av pensjonsutgiftene for pensjonistar som er fylde 64 år (§ 6).

Under Kap 666, post 70 Tilskott er det for 2001 løyvd 497 mill. kroner i statstilskott.

Pensjonen skal reguleres på same måte som pensjonane i folketrygda. Det vert gjort framlegg om at statstilskottet aukar med 15 mill. kroner for 2001.

## **8 Pensjonstrygda for sjømenn**

Etter lov av 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn yter staten visse tilskott (§15). Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts- månader mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945.

Under Kap 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2001 løyvd 185 mill. kroner.

Frå 1. mai 1997 vert krigsfartstillegget fastsett direkte i prosent av folke- trygda sitt grunnbeløp, og aukar såleis automatisk i takt med dette. Ved ein auke av krigsfartstillegget i takt med grunnbeløpet i folketrygda, reknar ein med at meirutgiftene i 2001 vil auke med 6 mill. kroner og tilskottet vert fore- slått auka tilsvarende med 6 mill. kroner.

## 9 Ytingar til yrkesretta attføring

Løyvinga for 2001 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring er på 5 977 mill. kroner fordelt med 4 637 mill. kroner til attføringspengar og 1 340 mill. kroner til attføringsstønader. I tillegg er løyvinga foreslått auka med 270 mill. kroner i St.prp. nr. 84 (2000-2001) Omprioriteringar og tilleggsbevilgningar på statsbudsjettet 2001, fordelt med 135 mill. kroner på post 70 og 135 mill. kroner på post 71.

### *Attføringspengar*

Med utgangspunkt i eksisterande informasjon om utbetalingane hittil i år og anslag på utbetalingane ut året vert det rekna med at det er eit meirbehov under attføringspengar på 147 mill. kroner grunna auken i grunnbeløpet. Det vert derfor foreslått at løyvinga for 2001 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 70 attføringspengar aukast med 147 mill. kroner.

### *Attføringsstønader*

Det er i første rekke stønad til hushaldsutgifter som vert berørt av endringa i G. Den sentrale faktoren i ordninga med stønad til hushaldsutgifter er ein sjablonberekna levekostnadsfaktor som skal dekke andre utgifter enn buutgifter. Dersom ein attføringssøkjjar og eventuell ektefelle har samla nettoinntekter som er lågare enn levekostnadsfaktoren og buutgiftene til saman, skal det gjevast månadlege tilskott for å dekke differansen.

Levekostnadsfaktoren sjablonbereknast. Per 1.9.01 vert satsane i levekostnadsfaktoren auka til:

kr 5 000 per månad for trygda, ein auke på kr 190

kr 3 000 per månad for ektefelle, ein auke på kr 110

kr 1 790 per månad for kvart barn, ein auke på kr 70

Tilskottet kan maksimalt utgjere kr 5 570 pr. månad, ein auke på kr 210. Stønadsbeløp på under kr 100 per månad vert ikkje utbetalt.

Ein reknar med at endra grunnbeløp og justering av levekostnadsfaktoren isolert sett vil føre til eit meirbehov på om lag 11 mill. kroner under løyvinga for attføringsstønad i 2001.

På bakgrunn av dette vert løyvinga for 2001 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 71 attføringsstønad foreslått auka med 11 mill. kroner.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om trygdeoppgjøret 2001.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om trygdeoppgjeret 2001 i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag til vedtak om trygdeoppgjeret 2001

### I

Grunnbeløpet i folketrygda blir sett til kr 51 360 med verknad frå 1. mai 2001.

### II

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	9 000 000
		frå kr. 293 000 000 til kr. 302 000 000	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	22 000 000
		frå kr. 710 000 000 til kr. 732 000 000	
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med	6 000 000
		frå kr. 185 000 000 til kr. 191 000 000	
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med	15 000 000
		frå kr. 497 000 000 til kr. 512 000 000	
2543		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	147 000 000
		frå kr. 4 772 000 000 til kr. 4 919 000 000	
	71	Attføringsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	11 000 000
		frå kr. 1 475 000 000 til kr. 1 486 000 000	
2660		Uførhet	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	384 000 000
		frå kr. 12 454 000 000 til kr. 12 838 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	561 000 000
		frå kr. 18 184 000 000 til kr. 18 745 000 000	
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	39 000 000
		frå kr. 1 276 000 000 til kr. 1 315 000 000	
2662		Yrkesskadetrygd, gammel lovgivning	



	70	Pensjonar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr. 76 000 000 til kr. 78 000 000	
2663		Medisinsk rehabilitering	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	144 000 000
		frå kr. 4 671 000 000 til kr. 4 815 000 000	
	72	Mellombels uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	7 000 000
		frå kr. 220 000 000 til kr. 227 000 000	
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	828 000 000
		frå kr. 26 858 000 000 til kr. 27 686 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	1 055 000 000
		frå kr. 34 225 000 000 til kr. 35 280 000 000	
	72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	5 000 000
		frå kr. 178 000 000 til kr. 183 000 000	
	73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	165 000 000
		frå kr. 5 345 000 000 til kr. 5 510 000 000	
2680		Ytingar til gjenlevende ektefeller	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	34 000 000
		frå kr. 1 115 000 000 til kr. 1 149 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	30 000 000
		frå kr. 962 000 000 til kr. 992 000 000	
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr. 63 000 000 til kr. 65 000 000	
2683		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	65 000 000
		frå kr. 2 095 000 000 til kr. 2 160 000 000	

Vedlegg 1

Tabeller

Tabell 9.1: Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistar med særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdi. 1970-2000.

År	Særtillleggssats ved utgangen av året (pst. av G)		Årlege minstepensjonar		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før		
	Høgaste pst.	Lågaste pst.	Einsleg kr	Ektepar kr		Minstepensjon	Gj.sn. grunnbeløp kr	
						Einsleg pst.	Ektepar pst.	
1970	7,50	7,50	7 810	11 970	6 800	6,3	7,3	-
1971	14,00	14,00	8 900	13 850	7 400	7,3	9,0	2,6
1972	17,00	16,00	9 664	15 023	7 900	1,2	1,1	-0,4
1973	17,00	16,00	10 445	16 220	8 500	0,6	0,5	0,0
1974	17,00	16,00	11 655	18 101	9 533	2,0	2,0	2,5
1975	21,50	20,25	13 308	20 696	10 800	2,2	2,4	1,5
1976	25,00	24,00	15 363	24 215	12 000	5,8	7,2	1,8
1977	31,00	30,00	17 770	28 331	13 383	6,0	7,2	2,3
1978	36,00	35,00	20 228	32 760	14 550	5,6	6,9	0,5
1979	40,00	39,00	21 780	35 406	15 200	2,4	3,1	-0,3
1980	44,00	41,00	24 345	39 339	16 633	0,8	0,2	-1,3
1981	48,00	45,00	27 882	45 066	18 658	0,8	0,8	-1,3
1982	49,00	46,00	31 228	50 633	20 667	0,6	0,9	-0,5
1983	51,50	47,50	34 153	55 248	22 333	0,9	0,7	-0,3
1984	52,50	48,50	36 516	59 056	23 667	0,6	0,6	-0,3
1985	53,00	49,00	39 220	63 496	25 333	1,6	1,7	1,3
1986	54,50	49,75	42 884	69 196	27 433	2,0	1,7	1,0
1987	54,50	49,75	45 724	73 776	29 267	-1,9	-1,9	-1,9
1988	57,00	52,25	48 786	78 966	30 850	0,0	0,3	-1,2
1989	57,00	52,25	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,0
1990	58,00	53,25	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	-0,1
1991	60,50	54,80	56 112	90 840	35 033	1,5	1,4	0,9
1992	60,50	54,80	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	0,9
1993	60,50	54,80	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1
1994	60,50	60,50 <sup>1</sup>	60 700	102 496	37 820	0,7	5,2	0,7
1995	61,55	61,55 <sup>1</sup>	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,3
1996	61,55	61,55 <sup>1</sup>	65 284	110 368	40 410	2,7	2,7	2,7
1997	63,20	63,20 <sup>1</sup>	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	1,3
1998	79,33	79,33 <sup>1</sup>	77 360	132 512	44 413	11,0	12,4	3,4

Tabell 9.1: Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einsleige og ektepar (begge pensjonistar med særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdi. 1970-2000.

1999	79,33	79,33 <sup>1</sup>	83 256	143 288	46 423	5,2	5,7	2,2
2000	79,33	79,33 <sup>1</sup>	86 756	149 312	48 377	1,0	1,0	1,0

<sup>1</sup> Om begge ektefellar har særtillegg

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 9.2: Personar med pensjon/overgangsstonad frå folketrygda.

	Per 31. Desember 1998			Per 31. desember 1999			Per 31. desember 2000		
	Talet på personar	Av dette med minstepensjon <sup>1</sup>	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minstepensjon <sup>1</sup>	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minstepensjon <sup>1</sup>	I pst. av alle
Alderspensionistar	630 526	259 063	41	631 220	248 149	39	628 890	237 222	38
Uførepensionistar	258 103	61 053	24	269 840	61 853	23	279 573	61 732	22
Gjenlevande ektefellar	29 288	5 921	20	28 034	5 327	19	27 087	4 955	18
Tidlegare familiepleiarar	329	329	100	296	296	100	267	267	100
Ugifte forsørgjarar og skilte separerte forsørgjarar	44 663	44 663	100	41 328	41 328	100	40 382	40 382	100
I alt	962 909	371 029	39	970 718	356 953	37	976 199	344 558	35

<sup>1</sup> Frå og med 1.01.98 vert det ikkje gjeve særtillegg til ugifte, skilde og separerte forsørgjarar. Overgangsstonaden er 1,85 gonger grunnbeløpet.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 9.3: Alders- og uførepensionistar med særtillegg og sats for særtillegg per 31.12.2000

	Høgaste sats			Lågaste sats <sup>1</sup>		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Alderspensionistar	119 704	29 115	148 819	84 773	3 630	88 403
67-69	6 809	3 225	10 034	18 067	342	18 409
70 år og over	112 895	25 890	138 785	66 706	3 288	69 994
Uførepensionistar i alt	36 073	7 966	44 039	16 906	787	17 693
Under 50 år	9 884	3 140	13 024	907	144	1 051
50-59 år	16 035	2 323	18 358	4 497	221	4 718
60-66 år	10 080	2 464	12 544	11 332	417	11 749
67-69 år	74	39	113	170	5	175
I alt	155 777	37 081	192 858	101 679	4 417	106 096

<sup>1</sup> Fordelinga mellom høg og låg sats har vore feil i nokon tidlegare år, dvs. at det har vore altfor få med låg sats. Lågaste sats inkluderer også dei som har sats som ligg mellom høg og låg (jf. endring i særtilleggssatsane for ektefellar gjeldande frå 1.01.94).

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 9.4: Alderspensionistar og uførepensionistar med full pensjon samt gjenlevende ektefelle med og utan tilleggspensjon. 31. desember 2000 <sup>1</sup>.

	Berre pensionistar med full pensjon		Gjenlevande ektefelle med pensjon/overgangsstonad	I alt
	Alderspensionistar	Uførepensionistar		
Után tilleggspensjon	76 753	9 464	785	87 002
Under 0,55 G	112 740	25 668	10 390	148 798
0,55 G - 0,60 G	10 408	2 338	929	13 675
0,60 G - 0,80 G	45 030	10 363	3 525	58 918
0,80 G - 1,00 G	48 342	11 708	3 583	63 633
1,00 G - 1,50 G	127 372	73 936	6 072	207 380
1,50 G - 2,00 G	118 756	42 972	1 740	163 468
Over 2,00 G	85 831	44 287	63	130 181
I alt	625 232	220 736	27 087	873 055

<sup>1</sup> Tabellen omfattar ikkje alderspensionistar og uførepensionistar med gradert pensjon.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 9.5: Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fikk godskrevet pensjonspeng etter særregler for uførepensionistar) <sup>1</sup>

År	Talet på personar		I prosent av folketalet 17-69 år per 31. desember		
	Menn	Kvinner	I alt	Menn pst.	Kvinner pst.
1967	1 000 303	379 284	1 379 587	82,0	31,0
1970	1 000 262	406 912	1 407 174	80,3	32,7
1973	1 019 234	467 148	1 486 382	79,9	36,8
1975	1 034 142	506 236	1 540 378	79,9	39,4
1977	1 068 877	581 234	1 650 111	81,5	44,7
1978	1 074 084	616 895	1 690 959	81,3	47,2
1979	1 081 518	646 502	1 728 020	81,5	49,2
1980	1 096 561	677 229	1 733 790	82,1	51,2
1981	1 097 511	698 253	1 795 764	81,6	52,5
1982	1 083 001	710 012	1 793 013	79,9	53,1
1983	1 080 593	722 474	1 803 067	79,1	53,6
1984	1 087 816	745 200	1 833 016	79,1	53,0
1985	1 100 216	776 418	1 876 634	79,3	56,9

Tabell 9.5: Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fikk godskrevet pensjonspoeng etter særregler for uførepensjonistar)<sup>1</sup>

1986	1 122 975	812 883	1 935 858	80,2	59,1
1987	1 128 753	846 414	1 975 167	79,9	61,1
1988	1 128 573	861 669	1 990 242	79,1	61,8
1989	1 099 913	850 403	1 950 316	76,7	60,7
1990	1 089 392	856 668	1 946 060	75,8	61,0
1991	1 082 327	865 544	1 947 871	74,9	61,4
1992	1 079 078	872 979	1 952 057	74,3	61,7
1993	1 081 504	884 425	1 965 929	74,2	62,2
1994	1 099 311	900 904	2 000 215	75,2	63,2
1995	1 116 499	918 852	2 035 351	76,1	64,2
1996	1 132 310	935 019	2 067 329	76,9	65,0
1997	1 154 670	951 227	2 105 897	78,0	65,8
1998	1 117 106	971 935	2 089 041	79,0	66,8
1999	1 180 713	982 630	2 163 343	78,7	67,1

<sup>1</sup> Frå 1982 er personar med pensjonsgjevande inntekt som døde eller utvandra i året tatt ut.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 9.6: Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967-1999.

År	Menn	Kvinner
1967	3,55	1,88
1968	3,52	1,87
1969	3,49	1,84
1970	3,63	1,90
1971	3,82	1,96
1972	3,89	2,03
1973	3,96	2,08
1974	4,01	2,09
1975	4,14	2,19
1976	4,29	2,30
1977	4,30	2,26
1978	4,32	2,26
1979	4,29	2,23
1980	4,31	2,27
1981	4,30	2,31
1982	4,20	2,33
1983	4,25	2,36
1984	4,30	2,41
1985	4,36	2,46
1986	4,40	2,53

Tabell 9.6: Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967-1999.

1987	4,60	2,69
1988	4,64	2,74
1989	4,54	2,77
1990	4,61	2,88
1991	4,61	2,95
1992	4,25	2,92
1993	4,24	2,95
1994	4,27	2,99
1995	4,30	3,02
1996	4,32	3,06
1997	4,37	3,10
1998	4,41	3,13
1999	4,42	3,18

Vedlegg 2

**Protokoll fra møtet 5. april 2001 mellom  
representanter for Arbeids- og  
administrasjonsdepartementet,  
Sosialdepartementet og Finansdepartementet og  
representanter fra Norsk Pensjonistforbund,  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og  
Landsorganisasjonen i Norge.**

I.	Representanter for Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosialdepartementet og Finansdepartementet og representanter for Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge har i et møte 5. april 2001 gått gjennom Det tekniske beregningsutvalg sin rapport Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2000-2001.
	Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget hadde anslått lønnsveksten fra 1999 til 2000 til 41/2 prosent for <i>lønnstakere i alt</i> , til 4,7 prosent for arbeidere i LO/NHO-området, til 4,5 prosent for ansatte i stat og 4 prosent for ansatte i kommunene.
	Partene vil vurdere tallene og bruken av dem under drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet
II.	Representantene for Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge viser i tillegg til Det tekniske beregningsutvalget som anslår at lønnsveksten i Norge, inklusive avsetningen til to nye feriedager, var 51/4 prosent fra 1999 til 2000.

Følgende var tilstede på møtet:

- Fra *Norsk Pensjonistforbund*: Kjell Samuelsen
- Fra *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*: Peter Hjort og Helge Jagmann
- Fra *LO*: Øystein Nilsen
- Fra *Sosialdepartementet*: Odd Helge Askevold og Anita M. Sivertsen
- Fra *Finansdepartementet*: Inge Skeie og Helga B. Aasdalen
- Fra *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*: Arnulf Leirpoll, Solveig Lie og Marit Kvarum

Oslo, den 5. april 2001

Norsk Pensjonistforbund	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge	Arbeids- og administrasjonsdepartementet

### Vedlegg 3

## **Protokoll fra drøftingene mellom Regjeringen og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge om regulering av grunnbeløpet i folketrygden pr. 1. mai 2001.**

Drøftingene om årets trygdeoppgjør ble gjennomført ved møter 3. og 4. mai 2001.

Følgende har vært tilstede på ett eller flere av møtene:

- Fra *Norsk Pensjonistforbund*: Einar Strand, Sidsel Bauck, Einar Skaar, Reidar Tjøstheim, Gunnar Steinsholdt, Kjell Samuelsen, Arild Daleng, Jan Tore Strandås og Magnar Myrmel
- Fra *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*: Jan A. Monsbakken, Liv Arum og Svein Erik Myrseth
- Fra *LO*: Per Gunnar Olsen, Per Overrein og Geir Høibråten
- Fra *Sosial- og helsedepartementet*: Statsråd Guri Ingebrigtsen, politisk rådgiver Eva Jupskås, Odd Helge Askevold og Anita M. Sivertsen.
- Fra *Finansdepartementet*: Statssekretær Vidar Ovesen, Inge Skeie og Helga B. Aasdalen.
- Fra *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*: Statsråd Jørgen Kosmo, Rune Solberg, Roger H. Nordhagen, Solveig Lie og Marit Kvarum.

Organisasjonene la 3. mai kl. 15.15 fram følgende krav:

1. I protokollen fra møtet i det engere utvalg 5. april 2001 konstaterte partene at årslønnsvekst for alle grupper fra 1999 til 2000 til 41/2 prosent for lønns-takere i alt, eksklusiv avsetningen til to nye feriedager i 2001. Teknisk beregningsutvalg anslår lønnsveksten i Norge, inklusive avsetningen til to nye feriedager, var 51/4 prosent fra 1999 til 2000. Under trygdeforhandlingene i 2000 ble følgende vedtatt:  
«Partene legger til grunn at den forventede årslønnsvekst for alle grupper i 2000 vil bli 3,9 prosent.»  
For å dekke opp for avviket mellom utviklingen i grunnbeløpet og årslønnsveksten for alle grupper i 2000 krever organisasjonene at grunnbeløpet justeres opp med 1,35 prosent fra 1. mai 2001.
2. Organisasjonene har beregnet lønnsveksten fra 2000 til 2001 for alle grupper å bli på 4 prosent.
3. Organisasjonenes krav til grunnbeløpet i henhold til punkt 1 og 2 blir da i alt på 5,35 prosent fra 1. mai 2001.
4. Grunnbeløpet har vært underregulert gjennom en årrekke. Dette har ført til at verdien av grunnbeløpet ligger vesentlig lavere enn forutsatt da folketrygden ble etablert. Ved årets trygdeoppgjør krever organisasjonene derfor at partene blir enige om en opptrappingsplan for grunnbeløpet. For å nå målsetningen om 2/3 pensjon i 2007, krever organisasjonene at grunnbeløpet økes med 2,5 prosent på pensjonsprosenten pr. år i tillegg til den årlige reguleringen.

Gjennom de drøftingene som har pågått har partene blitt enige om følgende:

1. Partene har lagt til grunn Stortingets forutsetninger i B. Innst. S. Nr. 11 (1999-2000) om at en skal ta hensyn til både den forventede og historiske



lønnsutvikling i forbindelse med fastsetting av grunnbeløpet.

Partene har etter dette kommet til enighet om at grunnbeløpet reguleres med kr 2 270 pr. mai 2001. Det nye grunnbeløpet blir kr 51 360. Det gir en vekst i grunnbeløpet på 4,6 % fra 2000 til 2001.

2. Partene viser til at organisasjonene har lagt til grunn beregnet lønnsvekst fra 2000 til 2001 for alle grupper å bli på 4%.
3. Organisasjonene viser i sitt krav til at:

«Grunnbeløpet har vært underregulert gjennom en årrekke. Dette har ført til at verdien av grunnbeløpet ligger vesentlig lavere enn forutsatt da folketrygden ble etablert. Ved årets trygdeoppgjør krever organisasjonene derfor at partene blir enige om en opptrappingsplan for grunnbeløpet.

For å nå målsetningen om 2/3 pensjon i 2007, krever organisasjonene at grunnbeløpet økes med 2,5 prosent på pensjonsprosenten pr. år i tillegg til den årlige reguleringen.»

Staten konstaterte at det i forbindelse med tidligere reguleringer av grunnbeløpet etter organisasjonenes ønske også har vært lagt inn andre elementer enn bare grunnbeløpet. Staten viser i den forbindelse til den nyoppnevnte pensjonskommisjonen som blant annet skal avklare hovedmål og prinsipper for et samlet pensjonssystem. Staten vil meddele dette til kommisjonen i eget brev.

Protokolltilførsel fra organisasjonene: Organisasjonene mener på prinsipielt grunnlag at avsetning til feriedager skal betraktes som en del av årslønnsveksten.

Oslo, den 4. mai 2001

Norsk Pensjonistforbund	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge	Arbeids- og administrasjonsdepartementet

=====